

Juli 2021

## Til deg som har fått opptak på bachelor i geologi og geofare

Velkommen til oss!

Du har valgt ei bachelorutdanning med mange spennande ekskursjonar, og allereie 6. september skal du reise på ein tre-dagars tur til Sognefjellet med overnatting på Sognefjellshytta. På turen skal du lære om berggrunnsgeologien på Sognefjellet, få ei betre forståing for prosessane som formar eit alpint landskap, utforske grottene i Dumdalen og på brevandring. Det er viktig at du har med personleg utstyr for ein slik tur. Difor er det lurt at du tar med deg følgjande til Sogndal: regntøy, skikkeleg fottøy, varme klede (ullundertøy, lue osv.), pannelampe, solbriller og ein liten dagstursekk. Dersom du har spesielle behov vi bør ta omsyn til under ekskursjonen, er det berre å ta kontakt med førelesar når du kjem til Sogndal. Då finn vi ei løysing.

I første kurs skal du også lære å bestemme mineralinnhald i forskjellige bergartar. Her treng du ei god håndlupe. Viss du vil kjøpe lupe før studiestart, bør du skaffe deg ei med minimum 10 gonger forstørring, så som desse:

[Dobbeltlupe 10-20 ganger forstørrelse - Naturens Mangfold AS](#)

[Luper og forstørrelsesglass fra Nikon og Opticron. God optikk vi anbefaler fra Natur og Fritid as.](#)

Du skal også bruke hammar i fleire kurs i løpet av utdanninga og der anbefaler vi ein som liknar desse:

[Geologhammer med meiselende, 790 gram - Naturens Mangfold AS](#)

<https://www.biltema.no/verktoy/handverktoy/hammere/murerhammer-600-g-2000040443>

Dersom du skal kjøpe deg ny PC til studiestart, så finn du anbefaling til kva du skal kjøpe her:

<https://www.hvl.no/student/it-hjelp/krav-til-studentenes-it-utstyr-ved-fin/>

På lenkja under finn du en beskriving av de kalkulator-modeller som er godkjente som hjelpemiddel til eksamen ved HVL:

<https://www.hvl.no/student/eksamen/hjelpemiddel-ved-eksamen/>



## Har du spørsmål om sjølve studiet før studiestart eller lurar du på korleis studentlivet i Sogndal er?

Julia og Lisa vil gjerne svare deg. Dei er studentar på Geologi og geofare og skal ta til i 2. klasse frå hausten. Du kan kontakte dei på mobil eller e-post.

Julia:



mobil 91338605, e-post  
[julia.hovda@gmail.com](mailto:julia.hovda@gmail.com)

Lisa:



mobil 98851248, e-post  
[lisabrechan@hotmail.com](mailto:lisabrechan@hotmail.com)

Me gler oss til å møta deg!

